


ÅRSMELDING OG REKNESKAP

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS



2009

STYRETS ÅRSMELDING 2009

2009 er Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR) sitt 22 driftsår. VØR er heileigd av Ørsta og Volda Kommune og eigarane heftar for selskapet sine disposisjonar med 50% på kvar. Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta Kommune og driv med innsamling og behandling av avfall og slam på vegne av eigarkommunene.

Abonnementfordeling:

Kommune	Hushaldnings og fritidshusabb	Slamabb
Ørsta	4362	970
Volda	3674	493
Sum	8036	1463

Styringsorgan

Representantskapen avvikla 3 møter og styret 6 møter dette året.

Representantskapens sine medlemar er: Arnfinn Dahl – leiar, Signe Turid Barstad – nestleiar, Anne-Britt Aambø Hallaråker, Astrid Gjersdal, Per Kåre Nesset, Nils Trovåg, Wenche Volle, Jostein O. Mo

Styret sine medlemmer: Ivar Aarskog– leiar, Ann Britt Våge Fannemel - nestleiar, Aase Margrete Leite, Idar Flo, Magnar Lid (tilsette sin representant).

DRIFTA

Innsamling og avsetning av avfall går bra i 2009. Det meste går til attvinning enten som energiattvinning eller som materialattvinning. Ved energiattvinning er avfallet råvare til produksjon av energi. Ved materialattvinning må avfallsfraksjonane vere reine, og kan då nyttast som råvarer til produksjon av nye materialar. Tabellen syner mengder i -09 mot -08.

<i>Avfallsmengder i tonn</i>	2009	2008
Hushaldningsavfall	3539	3762
Papir / papp	1146	1057
Plast	30	30
Glas	139	182
Farleg avfall	125	39
E.E. avfall	251	260
Hageavfall	Ca 1700	Ca 1500
SUM	6930	6830

Drifta i året er prega av byggeaktivitet. Første halvår heldt firmaet Ivar Aambakk AS på med lager / vaskehall. Den vart teken i bruk i juni. Det gav oss vaskehall for bilar og utstyr. Og vi fekk lager for farleg avfall og avfallsbeholdarar under tak. Det var kjærkome.

Bygging av ny miljøstasjon starta opp i august. Firmaet Jønsson og Worren Entreprenør AS fekk totalentreprisen på 12,3 mill eks mva. Der var fem tilbudsgivarar. Arbeidet har gått jamnt og trutt framover til tross for ein våt haust, og til jul fekk vi tett tak.

Mottaksstasjonen til publikum har dette året vore under open himmel. Det har ikkje vore noko god løysing for oss, sjølv om kundane får brukbar service. I dagleg drift blir det for mykje fram og tilbaketransport og flygeavfall.

Blanda avfall frå hushaldningane.

Mengdene restavfall har flata ut siste åra, med ein vekst mindre enn auken i kjøpekraft. I 2009 ser vi at mengdene for første gang på mange år går ned. Tilsvarande utvikling ser ein i andre avfallsselskap. Truleg er det effekten av finanskrisen som slår inn.

I heile 2009 blir restavfallet levert til Rekom AS med krav om energiattvinning. Mottakarane er Nordmøre Energiattvinning på Averøy og Trondheim Energiverk på Heimdal.

Papp, papir og drikkekartong.

Innsamla kvantum hos hushaldningane gjekk opp i 2009, med ein tilsvarande nedgang i 2008. Papirmengdene ser derfor ut til å vere stabile over tid.

Det lesbare papiret blir sortert og går til produksjon av nytt avisopapir. Pappen blir resirkulert til ny papp og drikkekartongen blir til konvoluttar og postkort.

Glas og metall

Det meste av glaset går som råvare til produksjon av isolasjonsmaterialet steinull. (Glava) Innsamla mengder glas gjekk ned siste året, grunna lagersituasjonen pr 31.12.

Plast

Plast går til Tyskland for attvinning via Grønt Punkt Noreg som er vår avtalepart.

Farleg avfall.

Auken frå 2008 skuldast først og fremst lagersituasjonen pr 01.01.09. Vi hadde mykje på lager som vart levert i løpet av 2009. Mengdene farleg avfall inn er på nivå med tidligare år. Vi har no i alt 10 stasjonar for farleg avfall ute på bygdene i tillegg av Miljøstasjonen i Hovdebygda. Stasjonane på bygdene er også mottaksplass for mindre typer elektroavfall.

Slam.

2009 var eit mellomår der vi samla inn slam berre frå tette tankar og kommunalanlegg. 2010 er det igjen ordinær innsmling av slam.

Elektrisk Elektronisk avfall.

Innbyggjarane leverte mindre mengder E.E. avfall pr person til Miljøstasjonen i 2009 i høve 2008. Grunnen er nok igjen finanskrisa. EE avfallet vert levert via Elretursystemet til attvinning.

Personal, arbeidsmiljø, ytre miljø, sjukefråvær og ulykker.

VØR har ved utgangen av året 12 fast tilsette. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst utfordringane i 2009 godt.

Internkontrollsystemet er oppdatert og det er gått vernerunder i 2009 for å avdekke avvik. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

Vi organiserar aktivitetane på anlegget slik at risikoen for ulykker på anlegget og utslepp til det ytre miljø vert minimert. VØR sine bilar har alle miljøvennlege Euro-motorar.

Likestilling er gjennomført i styrande organ, og vert teke omsyn til ved alle nyttilsettingar.

Av våre tilsette er 2 kvinner

VØR hadde 0,8 % korttidsfråvær (< 3 dagar) og 1,5 % fråvær mellom 3 og 16 dagar. Og 4,7 % fråvær over 16 dagar i 2009. Vi registrerte tre dagar med sjukefråvær på ein tilsett grunn uhell i arbeid. Vi har ikkje registrert tilfeller av forureining til det ytre miljø i 2009.

Representasjon.

VØR har saman med Tussa, Enøk, Høgskulen i Volda og Møreforsking delteke i ei styringsgruppe for utvikling av klimaplanar i eigarkommunene våre. Arbeidet vart avslutta i mai 2009. VØR har også delteke i ei referansegruppe i Avfall Noreg for å utarbeide eit nasjonalt klimarekneskap for avfallsektoren. Arbeidet var avslutta i januar 2009.

Ivar Aarskog, Ann Britt Våge Fannemel, Aase Margrethe Leite, Gunn Velle Tranvåg og Petter Bjørdal deltok på den nasjonale avfallskonferansen i Bergen i juni.

Ivar Aarskog representerte VØR på årsmøte og temadagar i Avfallsforum Møre og Romsdal.

RAMMEVILKÅR.

Konsesjon og forskrifter

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97. VØR etterlever konsesjonskrava og dei kommunale forskriftene av 30.06.04

Slam

VØR mellomlagrar avvatna slam i Alida. Dette er gjort i medhald av løyve frå Fylkesmannen datert 16.12.91. VØR etterlever disse løyvekrava. VØR arbeidar med å finne ei permanent ordning for slamhandsaminga.

ØKONOMI.

VØR rapporterer sitt rekneskap til SSB –Kostra pr resultatområde. Regelverket for utrekning av kommunale gebyr krev at svingingar i inntekter og kostnader, dvs overskot eller underskot skal framførast det aktuelle resultatområdet og brukast eller dekkast inn etterskotsvis i ei periode på 3-5 år for å oppnå mest mogleg stabile gebyr.

VØR sette ned gebyra i 2008-09 for å tilbakeføre tidligare års overskot til abonnentane. Også for 2010 er gebyra sette ned.

Årsresultatet av drifta syner eit overskot på hushaldningsrenovasjon på kr 572.525,- som vert overført til bunden fond – overskotsfond hushaldningsgebyr.

Årsresultatet syner eit underskot på slam på kr 374.329,-. Inntekter og kostnader for slamområdet må sjåast i eit to års perspektiv. Det aller meste av inntektene inklusiv påløpte inntekter vert ført i partalsår, medan mykje av kostnadene er like frå år til år.

Årsresultatet syner eit overskot på kr 170.654,- etter skatt for området utleigeaktivitetar som vert overført til annan eigenkapital.

Generelt har vi ei god og stabil drift takka vere motiverte og flinke tilsette. Dette har hjelpt oss også i 2009. Styret meiner at føresetnaden for fortsatt drift er tilstade.

Totalt sett er styret godt nøgde med året 2009, og takkar dei tilsette for innsatsen.

Hovdebygda 04.06.10

Ivar Aarskog
Ivar Aarskog
Styreleiar

Aase Margrethe Leite
Aase Margrethe Leite

Magnar Lid
Magnar Lid
(tilsette sin vararepresentant)

Ann Britt Våge Fannemel
Ann Britt Våge Fannemel
Nestleiar
Idar Flo
Idar Flo

Petter Bjørdal
Petter Bjørdal
Dagleg leiar

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085MVA

Resultatrekneskapen

	Note	2 009	2 008
Driftsinntekter			
Salsinntekt		19 580 896	22 433 306
Annan driftsinntekt		<u>813</u>	<u>0</u>
Sum driftsinntekter		<u>19 581 709</u>	<u>22 433 306</u>
Driftskostnader			
Varekostnad		56 890	41 021
Lønnskostnad	2	5 406 305	5 783 228
Avskrivning	3	2 342 901	2 714 905
Annan driftskostnad	2	<u>11 391 852</u>	<u>12 164 788</u>
Sum driftskostnader		<u>19 197 948</u>	<u>20 703 942</u>
Driftsresultat		<u>383 761</u>	<u>1 729 364</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekt		577 942	991 264
Annan finanskostnad		<u>526 856</u>	<u>818 270</u>
Netto finanspostar		<u>51 086</u>	<u>172 994</u>
Netto inntekt brannerstatning (EOD)			<u>8 301 086</u>
Resultat før skattekostnad		434 847	10 203 444
Skattekostnad ordinært resultat	7	<u>65 997</u>	<u>0</u>
Ordinært resultat		<u>368 850</u>	<u>10 203 444</u>
Arsresultat		<u>368 850</u>	<u>10 203 444</u>
Arsoppgjersdisposisjonar:			
Fond etterdriftstiltak deponi			-256 348
Fond slam		-374 329	433 944
Fond hushaldning		572 525	1 165 397
Fond reinvestering brann			8 301 086
Overført annan EK		<u>170 654</u>	<u>559 365</u>
Sum disponert		<u>368 850</u>	<u>10 203 444</u>

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085MVA

Balanse pr. 31.12.2009

	Note	2 009	2 008
Anleggsmiddel			
<i>Varige driftsmidler</i>			
Tomter, bygninger og anna fast eiendom	3	26 818 155	14 785 515
Driftslausøyre, inventar, verktoy, kontor-maskiner og lignende	3	<u>4 381 666</u>	<u>3 516 610</u>
Sum varige driftsmiddel		<u>31 199 821</u>	<u>18 302 125</u>
<i>Finansielle anleggsmidler</i>			
Investeringar i aksjar og andelar	6	<u>1 103 692</u>	<u>1 031 717</u>
Sum finansielle anleggsmidler		<u>1 103 692</u>	<u>1 031 717</u>
Sum anleggsmiddel		<u>32 303 513</u>	<u>19 333 842</u>
Omlaupsmiddel			
Varer	1	<u>28 884</u>	<u>22 394</u>
<i>Fordringar</i>			
Kundefordringar		714 009	1 600 971
Andre fordringar		<u>1 258 489</u>	<u>1 069 042</u>
Sum fordringar		<u>1 972 498</u>	<u>2 670 013</u>
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	<u>7 606 704</u>	<u>22 407 393</u>
Sum omlaupsmiddel		<u>9 608 086</u>	<u>25 099 800</u>
Sum eigedelar		<u>41 911 599</u>	<u>44 433 642</u>

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085MVA

Balanse pr. 31.12.2009

	Note	2 009	2 008
Anleggsmiddel			
<i>Opptjent egenkapital</i>			
Fond for etterdrifttiltak deponi		836 324	836 324
Fond for slamhandsaming		524 453	898 362
Fond for hushaldning		8 768 015	8 195 494
Fond for reinvestering etter brann		8 301 086	8 301 086
Annan egenkapital		<u>6 329 182</u>	<u>6 158 946</u>
Sum opptjent egenkapital		<u>24 759 060</u>	<u>24 390 212</u>
Sum egenkapital		<u>24 759 060</u>	<u>24 390 212</u>
Gjeld			
<i>Anna langsiktig gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	5	<u>11 844 171</u>	<u>14 455 213</u>
Sum anna langsiktig gjeld		<u>11 844 171</u>	<u>14 455 213</u>
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		4 155 975	4 506 413
Betalbar skatt	7	65 997	
Skyldige offentlege avgifter		266 772	499 018
Anna kortsiktig gjeld		<u>819 624</u>	<u>582 786</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>5 308 368</u>	<u>5 588 217</u>
Sum gjeld		<u>17 152 539</u>	<u>20 043 430</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>41 911 599</u>	<u>44 433 642</u>

Hovdebygda 04.06 2010

Ivar Aarskog
styreleiar

Aase Margrete Leite
styremedlem

Idar Flo
styremedlem

Ann Britt Våge Fannemel
nesteleiar i styret

Magnar Lid
tilsettereppresentant

Petter Bjørdal
dagleg leiar

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2009

Note 1 **Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og virkeleg verdi for varer kjøpt inn for vidareasal, forsikra pensjonsforpliktelsar er ikkje balanseført – kostnaden er lik utbetalinga i året til forsikringsselskapet, leieavtalar er ikkje balanseført, varige driftsmiddel vert som hovedregel avskrive lineært over venta økonomisk levetid.

Note 2 **Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette mv.**

	2009	2008
Løner	3 772 005	4 162 057
Folketrygdavgift	660 563	691 320
Pensjonskostnader	651 128	747 401
Andre lønskostnader	322 609	182 450
Sum lønskostnader	<u>5 406 305</u>	<u>5 783 228</u>

Det har vore 13 tilsette i selskapet i gjennomsnitt i 2009.

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre/rep.skap
Løn	564 050	182 916
Pensjonspremie	26 029	
Anna godtgjersle	7 397	

Pensjon

Selskapet har plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet si pensjonsordning tilfredsstillar krava i lova.

Pensjonspremie i året kr. 625.099

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i 2009 utgjer kr 9.150,-

Note 3 **Varige driftsmiddel**

Kostpris 01.01.2009	44 559 967
Tilgang	14 377 131
Avgang	5 905 872
Kostpris 31.12.2009	53 031 226
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.2009	25 349 244
Balanseførte verdier 31.12. 2009	27 681 982
Ordinære avskrivningar i året	2 342 901

Note 4 Bundne midlar

Posten inneheld bundne bankinnskot med kr. 266.671

Note 5 Pantsetjingar og garantiar**Pantsetjingar og liknande:**

Gjeld til kredittinstitusjonar kr. 11.844.171 er sikra med garantiar frå eigarane.

Note 6 Eigenkapitaltilskot KLP

Selskapet har pensjonsavtale med KLP som er eit gjensidig selskap. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemmane vert belasta for eigenkapitaltilskot. Ein har i 2009 betalt kr. 21.800,- som er balanseført som eigenkapitalinnskot.

Sum innbetalt eigenkapitaltilskot er no kr. 198.702,-, medan KLP sitt estimat er kr. 200.290,-. Norsk rekneskapsstandard seier at det er den lavaste av desse beløpa som skal nyttast i rekneskapen.

Note 7 Skattekostnad**Årets skattekostnad****Resultatført skatt på ordinært resultat:**

Betalbar skatt	kr. 66 262,-
Endring i utsatt skatt	<u>kr. - 264,-</u>
Skattekostnad ordinært resultat	<u>kr. 65.997,-</u>

Betalbar skatt i årets skattekostnad:

Ordinært resultat før skatt	kr. 236.651,-
Permanente forskjeller	<u>kr. 0,-</u>
Grunnlag for årets skattekostnad	kr. 236.651,-
Endring i midlertidige forskjeller	<u>kr. - 944,-</u>
Grunnlag for betalbar skatt i resultatreknekapen	<u>kr. 235.707,-</u>
Skattepliktig overskot	<u>kr. 235.707,-</u>

Betalbar skatt på årets ordinære resultat	kr. 65.997,-
Sum betalbar skatt ordinært resultat	kr. 65.997,-

Betalbar skatt i balansen:

Betalbar skatt på årets resultat	kr. 65.997,-
Sum betalbar skatt i balansen	kr. 65.997,-

Utsatt skattefordel er ikkje balanseført, jfr. NRS nr.8

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til representantsskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS

6160 HOVDEBYGDA

REVISJONSMELDING FOR 2009

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS for rekneskapsåret 2009 som viser eit årsoverskot på kr. 368.850,-. Årsrekneskapen, som er samansett av årsmelding, resultatrekneskap og balanse med tilhøyrande notar er utarbeidd av verksemda sin rekneskapsfører.

Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik lov og forskrifter krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov og tilhøyrande forskrifter og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjonen omfattar kontroll av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og dessuten vurdering av innhald og presentasjon av årsrekneskapen.

Vi meiner at dei utførte revisjonshandlingane gir eit forsvarleg grunnlag og støttar opp om konklusjonane.

Vi meiner at:

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrift og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane i samsvar med god rekneskapsskikk
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetninga om fortsatt drift og forslag til anvendelse av årsoverskot er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter

Larsnes, 3. juni 2010

Halldis Moltu

Halldis Moltu

-registrert revisor-